

Heidi Styve og Inge Eikanger

Hjelmåsen 37

5915 Hjelmås

Lindås kommune

v/ Anne Lise Molvik

Viser til byggjeløyve mottatt i dag 10.07.14.

Først vil vi presisere: Skjeringa skal sjølvstekt sikrast, og det vart gjort med ein gong den oppstod. At vår nabo har interesse av sikring av skjering i tomtegrense ser vi også på som ei heilt forståeleg og grei sak.

Vi har etter tilråing frå byggesaksavdeling i Lindås kommune og med heimel i pbl §21-7 jf. SAK 10 §7-2 satt i gong arbeidet på vår tomt 202/154.

Som omsøkt og planlagt fekk vi ei skjering mot nabotomt 202/85 etter sprenging og planering. Skjeringa vart sikra omgåande slik som planlagt. Våre naboar på tomt 202/85 har vore informert om korleis dette ville bli heilt frå planleggingsstadiet. Vår nabo har vore heime under mykje av arbeidet på tomta, og blitt informert av både oss og utførande maskinførarar fortløpande om kortid og korleis alt skal skje. Dei hadde aldri innvendingar, verken til oss eller kommunen.

På grunn av leir- og jordslepper kom vi litt over grensa til 202/85 på nokre stader. Då var naboen vekkrest og vi varsla straks på telefon om at dette var skjedd, men at det ikkje var nokon skader på terrasse, grunnmur eller hus. Vi sendte også eit bilete så ho skulle vite kva dette dreidde seg om.

Då vår nabo kom tilbake frå ferietur og såg skjeringa ho allereie var informert om, varsla ho oss om at ho vurderte å sende inn klage til kommunen neste dag. Vi var på plassen og forklarte dei igjen kva som skulle gjerast med sikring og gjenoppbygging av områda som var på deira side, og forstod då at dei oppfatta dette som ok. Vi forklarte også at vi som skal bu nedanfor skjeringa ser på det som ein sjølvstekt sak at den skal vere trygg.

Det vi stiller spørsmål ved er at:

- Nabo som ikkje har hatt innvendingar mot vårt tiltak kan få inn i vårt byggjeløyve at dei har sendt inn innvendingar fleire månader etter at fristen er gått ut.

- Naboens brev utløyser at vi får byggjeløyvet tilsendt no, fordi vi i møte med byggesak i Lindås kommune vart informert om følgjande: *«Dykkar saksbehandlar har tatt ferie og kjem tilbake først i september. Dykkar sak er ikkje prioritert, fordi de ifølge pbl. §21-7 kan starte arbeidet, slik tidlegare stadfesta. Det er heller ikkje mogleg at andre saksbehandlarar kan ta over saka, det har vi ikkje kapasitet til, spesielt i ferien er det umogleg. De kan derfor ikkje forvente å få*

det formelle byggjeløyvet før til høsten, men det har vel ikkje betydning for dykk sidan de kan starte opp.»

- Klage frå ein nabo i ettertid flettast inn i vårt byggjeløyve, og attpåtil er dette vedrørande ei sak der naboen faktisk allereie er ivaretatt?

- Naboen står på adresselista for å få tilsendt vårt byggjeløyve, men vi får ikkje tilsendt naboens klage.

Dette kjennes ubehageleg for oss og vi ber om eit svar på desse punkta. Vidare ber vi om kopi av brevet nabo på 202/85 har sendt til Lindås kommune i denne saka, slik at vi kan sjå kva denne inneheld.

Med helsing

Heidi Styve & Inge Eikanger